



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Trekker motsegn - Alver (Lindås) - 129/4 m fl - Nappevika - småbåtanlegg - detaljregulering - ref 15/6756 FMHO

Vi viser til brev frå kommunen datert 22.12.2021. Fylkesmannen i Hordaland, no Statsforvaltaren i Vestland, fremja motsegn til reguleringsplan for Nappevika i brev datert 20.09.2017.

Hovudbakgrunnen for motsegna at planframlegget var i strid med den då gjeldande overordna planen, kommuneplanen sin arealdel 2011-2021 for Lindås kommune, og at det i naboreguleringsplanen – Nappane, med planID 1263-19012007, allereie var regulert ei småbåthamn. Statsforvaltaren var kritisk til ytterlegare utbygging i strandsona i dette området.

Kommunen har no oppheva reguleringsplan for Nappane og har tatt inn småbåtanlegg i Nappevika i kommuneplanen for tidlegare Lindås kommune. Vi legg til grunn at reguleringsplanen no er i samsvar med overordna plan og at den samla belastninga på strandsona i området er redusert som følgje av opphevinga av naboplanen og byggegrensa mot sjø satt i kommuneplanen.

Vi vurderer at kommunen har følgd opp vårt motsegn i brev datert 20.09.2017 og Statsforvaltaren i Vestland trekker difor motsegn til reguleringsplan for Nappevika. Kommunen kan no vedta planen. Vi ber om å få oversendt planvedtaket.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

